
Saksnr: 2020/45836-2
Saksbehandlar Frank Dahl
Dato: 18.05.2020

Til: Fylkesutvalet og fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Valen kraftverk AS - vurdering av sal

I meldinga om Valen kraftverk til fylkestinget i desember 2019 vart det mellom anna orientert om at fylkesrådmannen ville kalle inn styret i selskapet og orientere om at det vart arbeidd med og lagt til rette for eit eventuelt sal av selskapet. Det vart i februar månad gjennomført eigarmøte i selskapet og styret vart orientert om VLFK sine vurderingar knytt til eventuelt sal av selskapet.

Sidan møtet i fylkestinget i desember 2019 har den hydrologiske situasjonen i stor grad endra seg og kraftprisane er vesentleg redusert - sjå tabell nedanfor:

SPOTPRISEN	
TIDSPUNKT	Øre/kWh
19.nov	42,90
19.des	38,20
20.jan	24,40
20.feb	12,60
20.mar	9,00
20.apr	5,30

Kraftprisane er også påverka av den generelle makroøkonomiske situasjonen som følge av korona-utbrotet med redusert sysselsetjing og tilhøyrande produksjon både nasjonalt og internasjonalt.

Valen kraftverk AS står i 2020 framfor utbygging av Valedalen kraftverk, som vil auka produksjonen til anlegget. For potensielle kjøparar vil det vere mindre risiko knytt til å kjøpe anlegget når denne utbygginga er slutført.

På denne bakgrunn er det naturleg å vurdere om 2020 er rett tidspunkt for å gjennomføre eit sal. Fylkesrådmannen har difor innhenta råd frå Thema consulting. Dei konkluderer med at om det for VLFK har ingen eller avgrensa ulempe å venta med sal, taler det i retning av å vente med sal av kraftverket til situasjonen rundt Valedalen kraftverk og dei økonomiske tilhøva er meir normalisert.

Konklusjon

På bakgrunn av innhenta vurdering frå Thema consulting er det fylkesrådmannen si vurdering at ein utsett eventuelt forslag om sal av Valen kraftverk AS.

Vedlegg

Utgreiing frå Thema consulting